



Denne turen går gjennom tre sentrale Hardangerkommunar på begge sider av den vakre Hardangerfjorden: Kvam herad, Ullensvang herad, Jondal kommune.

This tour passes through three of the main districts on both sides of the Hardangerfjord: Kvam, Ullensvang, and Jondal.



Kvam herad har eit innbyggjartal på 8.700. Kommunen har ei 100 km lang strandline mot Hardangerfjorden. Grensar mot Kvinnherad. Jordbruk er ein viktig næringsveg, med fruktdyrking og blomstergartneri som spesialfelt.

Kvam district has 8,700 inhabitants and a coastline extending for 100 km along the Hardangerfjord. The neighbouring districts are Granvin (up fjord) and Kvinnherad (down fjord). Agriculture is a key industry, particularly fruit-growing and horticulture.



Ullensvang herad strekkjer seg over aust- og vestsida av Sørffjorden og Oksenhavvøya. Kommunen har omlag 4000 innbyggjarar og fruktdyrking og reiseliv er hovudnæringar. Ullensvang er den største fruktdyrkingsskommunen i Noreg. Heile 80% av norske morreller vert dyrka her, men det er likevel eple som er viktigast. Omlag 500.000 frukttrær gjer både blomming og haustingstid til ei spesiell oppleving.

Ullensvang district covers the eastern and western sides of the Sørffjord and the Oksen peninsula. It has about 4,000 residents, with fruit-growing and tourism as the main industries. Ullensvang is Norway's principal fruit-growing district, where 80% of the country's cherries are grown, although apples are the main crop. Some 500,000 fruit trees make spring and autumn a unique experience.



Jondal kommune, ein liten og triveleg kommune med omlag 1250 innbyggjarar, kjent for den tradisjonelle Handverksmessa som lokkar kunst-, handverks- og husflidinteresserte til kommunen. Utstilling/sal av kunst og handverk heile året. Den einaste båtbyggjarskulen av sitt slag i Noreg.

Jondal, a small, attractive district with about 1,250 inhabitants, is famous for its traditional Crafts Fair which attracts people with an interest in arts and crafts. Exhibitions and sales of local handicrafts throughout the year. The only boatbuilding college of its kind in Norway.



Øystese.

Foto: Willy Haraldsen

Avstander/Distances:

Bergen-Norheimsund	77 km
Norheimsund-Kvanndal	40 «
Kvanndal-Utne	20 min.
Utne-Jondal	36 km
Jondal-Folgefonna	19 «
Jondal-Tørvikbygd	20 min.
Tørvikbygd-Norheimsund	12 km

Reiserute

Frå Norheimsund(1) på RV7, gjennom Øystese (2), over Fykkesund bru med flott utsikt innover Fykkesundet, forbi Ålvik(3) til Kvanndal. Ferje får Kvanndal til Utne (4). Frå Utne ta Rv550, skilta til Jondal. Vegen er delvis smal på denne strekninga, så køyr forsiktig. Etter ca. 15 min. når ein Alsåker (5). Neste stad på ruta er Herand (6), eit idyllisk lite sentrum like ved fjorden. Vidare forbi Svåsand (7) til Jondal sentrum (8). Ta til venstre i krysset i Jondal sentrum, følg skiltet til Krossdalen og vidare skilting til Folgefonn Sommarskisenter (9). Vegen til brekanten er asfaltert, men svingete og smal. Utsikten er fantastisk. Retur same veg til Jondal sentrum. Ferje frå Jondal til Tørvikbygd. Deretter på Rv49, forbi Berge/Stekka (10) og vidare Vikøy (11). Rundturen fører oss tilbake til utgangspunktet, Norheimsund. Like før innkøyringa til sentrum passerar vi Hardanger Fartøyvernssenter (12).

Route

From Norheimsund (1) take Rv7 through Øystese (2), over Fykkesund bridge with fine views up the Fykkesund, past Ålvik (3) to Kvanndal. Ferry from Kvanndal to Utne (4). From Utne follow signs to Jondal on Rv550. This section of road is narrow in places, so drive carefully. After about 15 minutes you come to Alsåker (5). The next place on the route is Herand (6), a picturesque little centre right beside the fjord. Continue past Svåsand (7) to Jondal (8). Turn left at the crossroads in Jondal village centre, follow the signs to Krossdalen and then those to Folgefonn Sommarskisenter (9). The road leading to the glacier edge is paved, but winding and narrow. Fantastic views. Return to Jondal by same route. Ferry from Jondal to Tørvikbygd, then Rv49, passing Berge/Stekka (10) and Vikøy (11). The itinerary brings us back to Norheimsund, our starting point. Approaching the village centre, we pass Hardanger Fartøyvernssenter (12).



Lette og merka fotturar. Eigne kartskisser og informasjon for kvar tur

Easy and marked walks. Especially designed maps and information to each walk

Stader og ymse av interesse:

(1) **Norheimsund** er administrasjonssenteret i Kvam Herad. Namnet kjem av gamalnorsk «nor»- trangt sund. Norheimsund er eit livleg handels- og turistsenter og er eit godt utgangspunkt for turar av ymse slag.

(2) **Øystese**, av aist - «blot, dyrking», d.v.s. stad for gudsdyrking. Turiststad, møbel-, trevare-, konfeksjon etc. Ingebrigt Vik-museet er verdt eit besøk. Bilethoggaren har skapt fleire verk som står på Nasjonalgalleriet, og har m.a. laga Edvard Grieg-statua i Bergen.

(3) **Ålvik** var fram til 1905 eit lite bondesamfunn. Då kjøpte ingeniør Hjort jord og fallrettar til industriføremål med industrireising i 1915-1918. På 5 år auka folketalet frå omlag 100 personar til 900. Eit uhell i røyrgata førte til produksjonsstans i 1919/20. Omstilling frå carbidproduksjon til ferrocrom og silisium og full rehabilitering i 1928. I dag er her mellom anna også fiskeoppdrett, gartneri og gjødseltørkeri.

(4) **Utne** er ein sjarmerande liten tettstad, som har bevart mykje av det gamle bygningsmiljøet. Utne Hotell er Noregs eldste hotell i kontinuerleg drift sidan 1722. Den gamle innreiinga gjer hotellet til eit museum i seg sjølv.

Hardanger Folkemuseum på Utne er distriktmuseum for Hardanger. Friluftsmuseum med naust, landhandel, skule, våningshus, uthus og administrasjonsbygg med ulike utstillingar frå gamal og ny tid.

(5) **Hardanger Gjestegard** på Alsåker er ein restaurert saft- og siderfabrikk frå 1898. Den mottok Ullensvang Herad sin byggeskikkpris for 1993 og Fortidsminneforeningen sin æresdiplom for 1995.

Overnatting og servering på bestilling.

(6) **Herand**. Eit lite og idyllisk sentrum like ved fjorden. Tveiti sag i Herand er truleg den siste vassdrivne oppgangssaga i landet som har vore i ordinær drift heilt opp til vår tid.

(7) **Svåsand**. Nede ved fjorden på Svåsand, like ved riksvegen, ligg ei lang naustrekke; eitt av dei velhaldne eldre naustmiljøa langs Hardangerfjorden. Bygningane i gardstunet på Svåsand har også kulturhistorisk verdi.

(8) **Jondal sentrum** er administrasjonsstaden for Jondal komune. Her er alle vanlege servicetenester og ein tradisjonsrik Gjestgjevarstad.

(9) **Folgefonna** med Folgefonn Sommarskisenter, Noregs 3. største isbre - 212 kvkm og 1660 m.o.h.

Skisentret ligg ca. 1200 m.o.h. Skitrekke og gode høve for langrenn, slalåm og telemark. Eigen kjelketrase. Skiutleige og servering.

(10) Ved fjorden, på garden **Berge**, ligg Stekkavika med innhaldsrikt sjøbruksmiljø, naust og sjøhus. Her er også kvernhus, sirkelsag, verv for jektebygging, og litt oppe i skogen den gamle, vassdrivne oppgangssaga.

(11) **Vikøy** med Vikøy kyrkje. Gamal prestegard med ei 400 år gamal røykstove. Borgstova vart bygt i 1812. Kunstnaren Adolf Tiedeman brukte interiøret i Borgstova som motiv i fleire kjente måleri.

(12) **Hardanger Fartøyvernssenter** i Norheimsund. Kvam har Skandinavia sitt største fagmiljø innan trebåtbygging og restaurering av trebåtar. Levande museum der ein ser korleis restaureringa vert utført. Båtsamling, utstillingslokale og informasjonsstad om eldre fartøy. Biletspel og kafé. Ope i arbeidstida, omvising etter avtale.

Places of interest and attractions:

(1) **Norheimsund** is the administrative centre of Kvam district. The name comes from Old Norse *nor*, meaning a narrow stretch of water. Norheimsund is a busy shopping and tourist centre and a good starting point for various excursions.

(2) **Øystese**, whose name means place of worship, is a centre for the tourism, furniture, timber and clothing industries. The Ingebrigt Vik Museum commemorates the sculptor whose works include Edvard Grieg's statue in Bergen and several pieces in the National Gallery, Oslo.

(3) **Ålvik** was until 1905 a small rural community. In 1905 an engineer named Hjort purchased the land and water rights for industrial purposes, establishing a metals plant (A/S Bjølvefossen) in 1915-18. Later the plant switched from producing carbide to ferrochromium and silicon. Other industries in Ålvik today include fish farming, horticulture and dried fertilizers.

(4) **Utne** is a charming little village that retains many older buildings. Utne Hotell, Norway's oldest-established hotel has been open ever since 1722. The traditional furnishings make the hotel a museum in itself. Hardanger Folkemuseum is an open-air museum with boathouse, village shop, school, farmhouse, outhouses and administration building with various historic and contemporary exhibits.

(5) **Hardanger Gjestegard** at Alsåker is a restored juice and wine factory from 1898. It won Ullensvang district's architectural prize in 1993 and a Norwegian heritage society award in 1995. Accommodation and meals by prior arrangement.

(6) **Herand**, a small, picturesque centre right beside the fjord. Tveiti sawmill is probably the oldest water-powered sawmill in Norway in regular use up to the present day.

(7) **Svåsand**. One of the Hardangerfjord's best-preserved collections of boathouses stands right beside the main road. The village square also contains interesting historic buildings.

(8) **Jondal village** is the administrative centre of Jondal district, where you will find all normal services and a traditional inn.

(9) **Folgefonna**, Norway's third largest glacier, measuring 212 km² and 1,660 m above sea level. The summer ski centre, approximately 1,200 m above sea level, has a ski lift and excellent facilities for cross-country, slalom and Telemark skiing. Ski hire and restaurant.

(10) Stekkavika, an inlet of the fjord at **Berge** farm, is the site of a historic boathouse, warehouse, mill, circular saw, boatyard and, in the woods, an old water-powered sawmill.

(11) **Vikøy** and its church. Historic parsonage with 400-year-old dwelling hut and servants hall built 1812, the interior of which features in several of Adolf Tidemand's paintings.

(12) **Hardanger Fartøyvernssenter**, Norheimsund, is Scandinavia's leading centre of expertise in the construction and restoration of wooden boats. A living museum where you can see restoration work in action. Collection of boats, exhibition and information centre on historic vessels. Audio-visual presentation and cafe. Open during working hours, guided tours by arrangement.